Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. nr. 1

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kinsarvik

Emne: Ard og Plog

Bygdelag: Vestrand

Oppskr. av: Margretha Lutro

Gard: Lutro

(adresse): Lofthus Hardanger

G.nr. 151 Br.nr. 7

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Nokko rettleiing av:

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Torgils A. Lutro. f. 1879.

SVAR

1. Ja.

2. Ja. Fyrr vart arden bruka til å kjøyra burt gras åkeren fyre sånngje. Kornet mylda ein ned med grev eller aiva, No myldar ein med harv.

3.

Arden er alltid bruka til å draa upp raster, når ein set potetter. Fyre grov ein upp med potetaure med eitt grev. No vert det bruka hyppeplog. Arden hev laus velte-fjøl, som kan bytest på andre sida. Hyppeplogen hev to faste veltefjøler.

4.

Den arden, me brukar liknar mest på fig. 3., men styret stend meir rett upp og hallar ikkje so mykje bakyver. I lykkja på arden er ein krak, som ein hekkar i skjekkene.

1418

2

5. Nei.

6. Ardleggen, styre, villefjøl og vangsnei, tilnen og tverrtre. Ard-tilnen vert brukta både til ard og plog.

7. Det var same breiddi på vangsneen. Når han vart sliten, lagdest det nytt stål på. Nei.

8. Ja. Villefjøli, som er av tre med jarnbeslag er festa til ein jarnstein, som gjeng frå vangsneen og upp til ardleggen.

9. Nei

10. Vangsneen kan regulerast upp og ned etter so djup ein vil ha fåri.

11. Dei ardarne fig. 5-7 hev ikkje vore brukta her.

12. Denne arden, som no er her på bruket er laga i 1880 åri. Treverket arbeidde den hendige snikkaaren Lars Jakobson Uaheim. Jarn og stålbeslaget er laga av den kjende smeden Johannes Nilsson Lustro.

1418

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

II

Når sånaden var ferdig-
gjord, vart arden vaska og
tjørebradd.

13. Nå vert det bruka berre
fabrikksmidde plogar.
Den siste heimegjorde plogen
her på bruket var laga av
smed Torstein Instanes frå
Bjotveit, og var betalt
med Kr. 30,00. Olav Olsson
Lofthus var også plogsmed.
Fyrst i 1900 åri var det
amerikanske plogar, som
vart kjøpte her. Nå er det
Underhaugs og Kvernelands
plogar frå Jæren, som
er bruka.

14.
Nei, den er ikkje kjend
her. På hyppeplogen er det
flatt veltefjøl, men på dei
andre er ho vrei.

15.
Når det var komme mold
på veltefjøli, tok plogkaren
helst ein stein og skrapte
moldi vekk.

16
Dei velte plogen til den
sida, som veltefjøli var,
når dei kjøyrde attende.

1418
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

17. Ja, det var slege ein bagein Kloss på åsen til det brukel.

18.

Nei.

19. Plogdjupni var pålag 8-9 tummar. Plogdjupni regulerte ein med draget. Var draget langt, so vart plogfora djup. Var draget kort vart ho grunnare. Draget var ein krak, som ein feste i kjettingen på plogen.

20. Ja.

21. Nei

22. Plogen kjøyrde ein til åkeren anten på ein slede eller ei kjerra.

23. Dens plogen er ikkje kjend her.

Åkerbruket hev gjenge svat tilbake her i dei siste åri. Mange av dei gamle åkrarne er tilplanta med frukttre. Det er berre poteter og grønsaker til husbruk, som vert

1418

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

III

avla på gardane. Alt korn og mjøl kjøper me.

Her segjer me: ein an, ein plog. Båe namni er hankjønn.

14 mars 1948.

1418

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING